

---

# SKJONG BÅTFORENING

## ÅRSMØTEPROTOKOLL 2018

---

STAD: PSS Ytterland

DATO: Torsdag 31.mai 2018

FRAMMØTE: 36 I tillegg har omlag 15 fråverande medlemmer gitt andre medlemmar fullmakt til å stemme på deira vegne.

---

1. Innkallinga til årsmøtet vart godkjend.
2. Saklista vart godkjend.
3. Hans Eirik Pettersen vart vald til ordstyrar, Oddbjørn Gjørund til referent, Knut Sæterbø og Tore Moe vart vald til å skrive under protokollen.
4. Leiar Audun Stølen la fram årsmeldinga for 2017. Her var det rapportert om ma. dugnadsaktivitet, medlemsmasse og "Molo-saka" fram til desember 2017. Årsmeldinga ligg på heimesida. Det var ingen kommentarar til denne meldinga.
5. Kasserar Tore Moe la fram rekneskapen for båtforeininga for 2017. Denne syner god økonomi. Straumforbruket er langt høgare enn kva som er loggført ved målarer. Bryggeprisen for 2018 er 13 000.- pr. lengdemeter. Rekneskapen leggst på heimesida. Rekneskapen er revidert og godkjend.
6. Innkomne saker:

Hans Ludvik Skjong: Avklaring av forholdet mellom grunneierlaget i Skjongvika og båtforeiningen. At årsmøtet tar stilling til om det skal være en avtale mellom grunneierlaget og båtforeiningen, eller ikke.

Georg Skjong: Det må avklares ved neste årsmøte den 31 mai angående forholdet mellom grunneierlaget i Skjongvika og båtforeiningen. Har det blitt laget et forslag til avtale mellom grunneierlaget og båtforeiningen?  
Blir avtalen presentert 31 mai?

Årsmøtet vart samde om at desse to sakene kunne handsamast som ei, "Molo-saka", med ei felles innstilling frå årsmøtet. Leiaren i Skjong båtforeining, Audun Stølen, la fram styret si oppfatning av saka. Det same gjorde styremedlem Hans Ludvik Skjong for Grunneierlaget i Skjongvika.

Etter ein frisk debatt der ymse synspunkt vart lufta, vart følgjande formulering lagt fram til røysting:

Årsmøtet utset behandlinga av saka innmeld av Hans Ludvik Skjong, til resultat av klagesaka i Samferdselsdepartementet/ Kystverket ligg føre. Etter forslag frå årsmøtet vart det lagt til at det valde styret skal forhandle med Grunneigarlaget på vegner av båtforeininga når resultatet ligg føre, utan at dette skal handsamast i eit nytt årsmøte først.

Dette forslaget vart samrøystes vedteke.

7. Medlemskontingent og hamneavgift vert uendra til saka nemnd i punkt 6. er avklart.
8. Valnemnda si innstilling vart lest opp av Oddbjørn Valderhaug, som hadde hugsa å ta med briller.  
Valkomiteen har vore Ronald Nordstrand og Roger Alstadseter.  
Følgjande var innstilt, og samrøystes vald av årsmøtet:

Styret: Audun Stølen	Leiar/ sekr.	Frå 2010	vald for 1 år.
Ronald Nordstrand	Nestleiar	Ny 2018	vald for 2 år.
Tore Moe	Kasserar	Frå 2014	vald for 1 år.
Knut Sæterbø	Styremedlem	Frå 2016	vald for 2 år.
Oddbjørn Gjøsund	Styremedlem	Frå 2013	vald for 1 år.
Vara: Arne Johnsen	Varamedlem	Frå 2010	vald for 1 år.
Jan Ole Vinje	Varamedlem	Frå 2009	vald for 1 år.
9. Per Inge Aakvik melde rett før møtet, at han ikkje var aktuell som revisor vidare. Jonny Honningsvåg held fram og får med seg Sølve Grimstad. Desse vart vald ved akklamasjon.
10. Ny valnemnd vert Henrik Bakken og Arne Fjørtoft. Dei vart og vald samrøystes.

---

Knut Sæterbø

---

Tore Moe

---

SKJONG BÅTFORENING

# YMSE SAKER DRØFTA ETTER ÅRSMØTET 2018

---

STAD: PSS Ytterland

DATO: Torsdag 31.mai 2018

---

1. Dugnader for 2018. Ottar la fram et set er behov for å fortsette forsterking av moringane og ledda mellom bryggene. Dette bør skje så snart som råd, og når veret tillet det. Det var også nemnd at innkalling til dugnad må annonserast i god tid, og gjerne med alternative datoar, slik at skiftarbeidande har høve til å ta del. Dette har vore prøvd før, men har vist seg problematisk, då veret er avgjerande. Og det er mildt sagt skiftande.
2. Nøkkel til kontainaren. Hamnekaptein Ottar Djupvik og leiar Audun Stølen har kvar sin nøkkel til den, og dei kan lånast av dei.
3. Det blir slurva med samanbinding av utriggarane til tomme båsar vinterstid. Ottar ordnar tauverk tilpassa denne funksjonen då fortøyingsstau gjerne er for korte til formålet.
4. Det er observert at badande ungar klatrar over taket på porthusa for å kome seg mellom flytebryggene og moloen. Dette er særst farleg, og tiltak må treffast. Ein bør difor få montert ein badestige eller lagt ut ei badebrygge. Styret/ Hamnekapteinen jobbar vidare med dette, gjerne i samarbeid med grunneigarforeiniga.

Det var elles skrive ned dei ulike synspunkta som kom fram i debatten rundt sak 6 i årsmøtet. Her kom det fram mange synspunkt og ordvekslingar som det ikkje er naturleg å ta med i referatet frå eit formelt årsmøte. Men det var stor semje frå medlemmane av Skjong båtforening og dei som også er medlem av Grunneierlaget i Skjongvika, at ordskiftet var godt og sikkert leia av ordstyraren for dagen, Hans Eirik Pettersen.

---

Oddbjørn Gjøsund, skrivar.